

Referat frå styremøte nr. 4-2024

Dato: 12.06.2024

Tid: kl. 13.30-16.05

Stad: United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) og Teams

Til stades frå styret:

Fysisk til stades:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordførar i Giske kommune)

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordførar i Herøy kommune)

Styremedlem Monica Molvær (varaordførar i Ålesund kommune), *til kl. 15.00*

Digitalt via Teams:

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordførar i Volda kommune), *fråverande etter avtale ca. kl. 14.00-15.00*

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordførar i Fjord kommune)

Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordførar i Haram kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordførar i Ålesund kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordførar i Vanylven kommune), *til kl. 15.07*

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Andre:

Digitalt via Teams:

Samhandlingskoordinator på nordre Sunnmøre Bodil Haugen Våge, *frå kl. 15.15*

Samhandlingskoordinator på søre Sunnmøre Oddvar Marøy, *frå kl. 15.15*

Referent:

Vegard Austnes

Sak 28/24: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Innkalling vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 29/24: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 3-24

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Referatet frå styremøte nr. 3-24 vart godkjend.

Sak 30/24: Omorganisering av Sunnmøre regionråd

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styret handsama sist saka (sak 27/24) på førre styremøte 15. april.

Representantskapet i Sunnmøre regionråd gjorde 19. april følgjande vedtak i saka (sak 8/24):

«Leiar og nestleiar i representantskapet og leiar og nestleiar i styret vert arbeidsgruppe som arbeider fram ei innstilling til møtet i representantskapet i oktober.»

Styreleiar orienterte styret om arbeidet i arbeidsgruppa.

Styreleiar viste til at arbeidsgruppa har hatt eit møte for å sjå på behovet framover. Arbeidsgruppa meiner at regionrådet skal vere organisert som interkommunalt politisk råd. Styret skal utarbeide ei formalisert innstilling for etablering av selskapet med vedtekter med likelydande ordlyd som det interkommunale selskapet.

Arbeidsgruppa meiner at det i overgangen frå interkommunalt selskap til interkommunalt politisk råd er fornuftig å vidareføre fordelinga av verva i representantskapet og styret. Dei vil vidareføre ein modell med to styrenivå inntil vidare, men ser det som naturleg å gå over til ein slankare modell med eitt styrenivå før neste kommuneval.

Arbeidsgruppa meiner at det nye selskapet må opprettast før ein avsluttar det gamle. Det må veljast eit avviklingsstyre for det interkommunale selskapet.

Styremedlem Terese Jemtegård Moen spurte om volum på organisasjonen har vore diskutert i høve til oppgåver, og om det er utfordringar her i høve til drift? Styreleiar svarte at det er ugunstig å begynne ein rekrutteringsprosess for det nye selskapet no, og at det må avvente fram til hausten. Arbeidsgruppa har diskutert kor stor organisasjonen skal vere.

Varamedlem i styret Lena Landsverk Sande spurte om tilsette har vore involvert i arbeidet med omorganisering av Sunnmøre regionråd. Ho viste til at det kan vere krevjande å stå i det.

Styreleiar svarte at det for dei tilsette kan opplevast vanskeleg å forhalde seg til. Han viste til at IKSet vil ha sin ende i 2024, og at det ligg til styret i det nye IPRet å tilsette dagleg leiar, herunder å avgjere om dette inkluderer dagens tilsette i IKSet.

Avslutningsvis sa styreleiar at dagens representantskap og styre skal ha sine roller i ny organisasjon.

Vedtak: Saka vert å ta til vitande.

Sak 31/24: Handlingsplan for Sunnmøre regionråd

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Strategien til Sunnmøre regionråd var sendt til styret før møtet.

Styreleiar viste til at ein ønskjer å ha ein føreseieleg handlingsplan å arbeide etter. Strategien til rådet er eit naturleg utgangspunkt. Eit årshjul er nyttig. Vidare vil ei saksportefølje gi oversikt over kva ein arbeider med.

Fram til neste styremøte bad styreleiar administrasjonen om å sjå på ein oppdatert strategi i høve til dei innspela som måtte kome. Han oppmoda alle i styret om å kome med gode innspel til strategi og handlingsplan. Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal peika på at handlingsplanen må utarbeidast etter revidert strategi.

Styremedlem Monica Molvær foreslo å ta ein ny runde på visjonen. Vidare foreslo ho «gjennomslag» som kjerneverdi. Ho foreslo også ein trafikklysmoell der det må vere mogleg å sette «sjekk» for gjennomført arbeid. Den dagleg drifta av regionrådet må arbeide mot eit mål som skal skje. Molvær kom med forslag om å setje opp dei 3 viktigaste sakene for Sunnmøre som arbeidsmål for regionrådet.

Styremedlem Vebjørn Krogsæter sa at med dagens organisering så skal styret iverksetje det som representantskapet bestemmer. Han har tru på ein ny moell der det samla kollegiet må ta ansvar. Det er ei utfordring at representantskapet ikkje har vore tydeleg på kva ein skal arbeide med.

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy sa at regionrådet gjerne kan ha strategiar, men at det skjer ting. Ho meinte at regionrådet har vore flinke til å vere «på» dagsaktuelle saker.

Storøy støtta Molvær sine innspel til korleis ein kan strukturere ein handlingsplan, og viste til at ein må legge inn arbeidet med ny organisasjon i handlingsplanen.

Vedtak: Styret tek saka til vitande med dei innspela som har kome.

Sak 32/24: Orientering om Grunnavtale om samarbeid i Region Ålesund

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Grunnavtalen var sendt til styret før møtet. Kommunane Giske, Haram, Sula og Ålesund har inngått avtale om samarbeid i Ålesundsregionen. Kommunane forpliktar seg gjennom grunnavtalen til å vurdere eksisterande interkommunale samarbeid med tanke på om desse kan organiserast på nye og effektive måtar, og til å vurdere nye samarbeidsområde med sikte på å etablere interkommunale samarbeid.

Styreleiar viste til at utgangspunktet var Geir Vinsand sitt innlegg på Nyttårkonferansen. Det har sidan har vore felles formannskapsmøte mellom kommunane Giske, Haram, Sula og Ålesund. Geir Vinsand deltok på møtet og hadde gjort ei analyse av desse kommunane.

Styreleiar sa at eit viktig punkt er at alt som skjer i Region Ålesund skal vere transparent og innbydande til alle kommunar på Sunnmøre, eventuelt ein større krets. Dialogen om samarbeidet skal kunne takast gjennom Sunnmøre regionråd eller direkte. Region Ålesund vil invitere breitt til framtidig samarbeid.

Varamedlem i styret Lena Landsverk Sande peika på at ein må vere bevisst på at Sunnmøre regionråd ikkje trekkjer seg lengre vekk frå søre Sunnmøre. Styremedlem Terese Jemtegård Moen sa at kommunane Fjord, Sykkylven og Stranda vil sjå på eit tettare samarbeid. Plankontor kan vere aktuelt, men også samarbeid om tenesteproduksjon. Dei vil sjå mot både søre Sunnmøre og Ålesund når det gjeld samarbeid.

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy sa at kommunane på ytre søre Sunnmøre også har sendt ein søknad (til Statsforvaltaren) om samarbeid, og at dei skal ha ein naboprat.

Styremedlem Vebjørn Krogsæter viste til at det viktigaste for å få gode samarbeid, er at ein veit om kvarande. Han meinte at vi ikkje er gode til å utveksle informasjon om korleis ein tenkjer, og at det kan vere bra med eit fast punkt i styremøta om kva som er nytt i regionen og i kommunane. Krogsæter sa at det er skapt eit inntrykk av at alle samarbeid skal ende opp i Ålesund. Styremedlem Monica Molvær svarte at det ikkje er Ålesund kommune sin intensjon.

Styreleiar sa at grunnen til at han tok opp saka var at han ønskjer å lufte kva signaleffekt Region Ålesund har. Han stilte spørsmålet om det at alle har «sitt» er ei suboptimalisering.

Styreleiar sa at Region Ålesund er fullstendig transparent, og at dei ønskjer berre å få til noko. Han la til at det er bra for Sunnmøre om alle får tilslutning på søknadane til Statsforvaltaren.

Styreleiar sa at regionrådet skal samhandle internt i dialog mellom kommunane og nå opp til høgare forvaltningsmynde. Han viste til at grunnavtalen berre er eit eit grunnlagsdokument, og at den er ikkje meir forpliktande enn det.

Styreleiar slutta seg til forslaget frå Krogseter om å ta opp i kvart styremøte eit fast punkt om kva som er nytt i regionen og i kommunane.

Styret beslutta at protokollane frå representantskapsmøta og styremøta skal sendast til alle i representantskapet og til deltakarkommunane.

Sak 33/24: Høyring/offentleg ettersyn – Konseptvalutgreiing (KVU) for rv. 658 Ålesund- Vigra

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Samferdselsdepartementet har bede Statens vegvesen sende konseptvalutgreiinga for rv. 658 Ålesund-Vigra ut på høyring. Høyringsfristen er 28.06.24.

Konseptvalutgreiinga skal vurdere korleis sikkerheita og framkomsten kan ivaretaast med stadig aukande trafikk.

Styreleiar Kenneth Langvatn la fram for styret eit forslag til høyringssvar frå Sunnmøre regionråd:

«Minimumskonseptet skal dempe trafikkmengda i tunnelane, samt gjere eksisterande veg både i tunnel og i dagen tryggare. Med auka rutefrekvens og rett prising av kollektivtilbodet til reisande, samt utbygging av innfartsparkering på strategiske stader, vil trafikkmengda kunne reduserast utan gjeninnføring av bomavgift i tunnelane. I tråd med vertskommunane sine svar, tilrår regionrådet at det ikkje leggst opp til innføring av bomavgift slik SVV legg opp til.

Knytt til langsiktig konsept for bygging av ny tunnel, er Sunnmøre Regionråd ikkje samd i tilrådinga frå Statens vegvesen om at K5 er riktig løysing for framtida. K5 inneber nytt tunnellopp parallelt med dagens tunnel, og vil krevje dispensasjon frå regelverket om maksimal stigning. Dette er ikkje rett løysing å velje for framtida. Det er likevel viktig at nytt tunnellopp vert realisert av omsyn til sårbarheita og beredskapen til øysamfunnet og tilgongen til regionflyplassen ved ei langvarig tunnelstenging.

Sunnmøre Regionråd ser positivt på at Statens vegvesen adresserer si tilråding i to delar, der eit minimumskonsept med relativt moderate investeringsbehov kan realiserast omgåande.»

Styreleiar kommenterte forslaget til høyringsvar. Statens vegvesen har 8 konsept i høyringa. K1, K2 og K3 er minimumskonsept. Dei neste konsept K5-K8 går ut på å lage ny tunnel. K5 er eit parallelt løp i forhold til dagens tunnel. Giske kommune støttar ikkje K5 som konsept, fordi ein ikkje kan bygge tunnel som strider mot tekniske krav.

Styreleiar tok opp om styret kunne gå inn for høyringsvaret. Styremedlem Monica Molvær foreslo at forslaget til høyringsvar vert sendt ut på e-post til styret slik at ein kan kome med språklege endringar. Ho peika på at ein kunne binde regionen meir saman dersom ein nyttar sjøvegen meir aktivt. Molvær nemnde også å ta saka til fylkesutvalet. Styremedlem Lena Landsverk Sande sa at ordføraren i Vanylven kommune skal få det for å sjå på det.

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand sa at minimumskonseptet er greitt, men at det er viktig at nytt tunnellop vert realisert i framtida. Styreleiar viste til at formuleringa i forslaget «*Det er likevel viktig at nytt tunnellop vert realisert av omsyn til sårbarheita og beredskapen til øysamfunnet og tilgongen til regionflyplassen ved ei langvarig tunnelstenging*» ivaretek det omsynet.

Vedtak: Styret sluttar seg til å sende ein felles høyringsuttale i saka. Styremedlemmane får frist til neste onsdag 19. juni til å melde tilbake eventuelle justeringar i teksten.

Sak 34/24: Muritunet - fare for avvikling som følgje av nedbygging av spesialisert rehabilitering

Ved styreleiar Kenneth Langvatn, styremedlem Terese Jemtegård Moen og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Det er i 2024 utarbeidd ein rapport med tittelen «Behovsvurdering av spesialiserte rehabiliteringstenester». Tenesteleiar for helse, tildeling og koordinering i Ørsta kommune Runa Bakke har delteke i arbeidsgruppa.

Helse Midt-Norge har varsla at dei vil sende ut invitasjon til ny anbudsrunde vedkomande tverrfagleg spesialisert rehabilitering 12. juni 2024. Det er fanga opp signal om at det i framtida kan bli eit kutt i døgnbasert rehabilitering med inntil 75%, som er den type teneste som Muritunet leverer. Muritunet representert ved styremedlem Arne Sandnes møtte 11. juni helseministeren om saka.

Styremedlem Terese Jemtegård Moen har hatt dialog med direktøren på Muritunet og leiaren for ordføraropprøret mot nytt helseanbod. Det er uklart om Helse Midt-Norge vil lyse ut anbudet som varsla. Moen ønskte ein stopp i anbudsprosessen.

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal viste til at han har vore i kontakt med dei to andre politiske råda i fylket om saka. Aurdal peika på at det også har vore dialog med Mørebenken, og at saka har vore oppe i Stortinget i form av eit mindretalsforslag. Han foreslo å be om eit møte med Helse Midt-Norge om saka.

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy forelso eit møte med ein samla Mørebenk. Styreleiar sa at Mørebenken kan også bruke lobby.

Moen viste til at Håkon Lykkebø Strand og Sølvi Dimmen skal inn i partnerskapsmøtet mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane. Saka har ikkje vore oppe der.

Styremedlem Vebjørn Krogsæter sa at det handlar om å få gjennomslag. Styret har ein jobb med å ansvarleggjere politikarar i eige parti. Skal Sunnmøre regionråd bruke Mørebenken, må vi arbeide for at dei skal arbeide saman som benk, og ettergå dette. Vidare må Sunnmøre regionråd ansvarleggjere helseføretaket i forhold til at det skal vere dialog med kommunane.

Styreleiar viste til at Sunnmøre regionråd må samordne seg med dei interkommunale politiske råda i Romsdal og på Nordmøre om eit møte med Helse Midt-Norge.

Vedtak: Sunnmøre regionråd ber om møte med Helse Midt-Norge. Styreleiar Kenneth Langvatn, dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og styremedlem Terese Jemtegård Moen deltek på møtet.

Sak 35/24: Uttale om utdanningstilbod ved NTNU i Ålesund (flytting av master i helsesjukepleie)

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

I april d.å. vart det kjent at NTNU har vurdert å flytte Master i helsesjukepleie ved NTNU i Ålesund til Trondheim. Masteren vert i dag tilbydd både i Ålesund og Trondheim, men leiinga i NTNU har vurdert å samle helsesjukepleieutdanninga i Trondheim.

Bakgrunnen for forslaget er det den økonomiske situasjonen til Fakultet for medisin og helsevitenskap ved NTNU.

Ultimo mai d.å. kom det fram at dekanen ved Fakultet for medisin og helsevitenskap ved NTNU vil anbefale rektor å førebels halde fram med studieplassar i helsesjukepleie både i Ålesund og i Trondheim. Noko av forklaringa ligg i eit tilskot fra Kunnskapsdepartementet gjennom «Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning».

Forslag til uttale frå Sunnmøre regionråd til NTNU ved rektor og viserektor i Ålesund var sendt til styret før møtet.

Styreleiar meinte at det er rett av regionrådet å meine noko om saka.

Vedtak: Styret sluttar seg til uttalen.

Sak 36/24: Høyring i samband med revisjon av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Kommunane i Møre og Romsdal er invitert til å kome med tilbakemelding på forhandlingsutvalet sitt forslag til ny samarbeidsavtale. Høyringsfristen er 23.06.24.

Samhandlingskoordinator på nordre Sunnmøre Bodil Haugen Våge og samhandlingskoordinator på søre Sunnmøre Oddvar Marøy orienterte styret om høyringa.

Våge viste til kommunane har lovpålagd plikt til å inngå samarbeidsavtale. Det er eit forhandlingsutval som har arbeidd fram forslaget til avtale som no er på høyring. Våge presenterte samarbeidsavtalen, samarbeidsstrukturen i helsefellesskapet som vart etablert i 2021 og prosessen med høyring av revidert samarbeidsavtale.

Det er strategisk samarbeidsutval i helsefellesskapet som peikar ut forhandlingsutvalet. Forhandlingsutvalet vil gå gjennom høyringsinnspela i månadsskiftet august/september. Våge sa at det berre er planlagd ei høyring. Strategisk samarbeidsutval skal behandle forhandlingsutvalet sitt forslag før revidert samarbeidsavtale vert sendt til kommunane.

Våge sa at det foregår mykje når det gjeld utvikling av helsefellesskapsstrukturen. Helsedirektoratet er i ferd med å etablere ei avdeling for samhandling og oppfølging av helsefellesskapa. I revidert statsbudsjett er det foreslått midlar til prosjekt i regi av helsefellesskap. KS er opptekne av likeverdigheit mellom helseføretak og kommunar når det gjeld forvaltinga av midlane.

Oddvar Marøy peika m.a. på at kommunane må kunne samle seg om viktige saker for å ivareta interessene sine. Det treng ikkje å vere ein del av samarbeidsavtalen kva tilbod som skal vere kvar. Skal ein markere eit behov innan rehabilitering, så må ein ta det innan den strukturen som er ein del av. Marøy sakna dialog og konsekvensutgreiing når det gjaldt oppgåveoverføring frå helseføretaket til kommunane.

Styreleiar stilte spørsmål om kva Sunnmøre regionråd skal foreta seg i saka. Det er utarbeidd høyrings svar både på søre og nordre Sunnmøre. Differansen i svara består m.a. i at ein på søre Sunnmøre vil behalde lokale samarbeidsutval, medan ein på nordre vil ha eit større strategisk samarbeidsutval med breiare representasjon og legge ned dei lokale samarbeidsutvala.

Styreleiar sa at vi stoler på at det vert ei ny høyring til hausten og koplår oss på det. Han sa vidare at vi bør prøve å samle oss om eitt høyrings svar på Sunnmøre. Moen meinte at ein uttale frå regionrådet handlar om å førebu modellen for samhandling.

Krogsæter peika på at dei som skal representere Sunnmøre regionråd må ha med eit mandat frå regionrådet. Han sa at å arbeide politisk ved å protestere ikkje fungerer.

Det er i partnerskapsmøtet det politiske i samhandlinga vert handtert. Håkon Lykkebø Strand og Sølvi Dimmen representerer sunnmørskommunane i partnerskapsmøtet.

Våge tok opp kva posisjon regionrådet ønskjer å ha inn mot samarbeidsstrukturen og samarbeidsavtalen. Kva arbeidsprosessar vil ein vere ein del av? Kva strukturar skal finnast for samarbeid mellom sekretariatsfunksjonen i helsefelleskapet og Sunnmøre regionråd? Kva rolle skal Sunnmøre regionråd ha i oppnemning til helsefelleskapet?

Styreleiar oppsummerte med at styret i dag ikkje er i stand til å realitetsbehandle saka. Moen peika på at ein må få samhandlinga til å fungere gjennom helsefelleskapet. Styreleiar sa at ein må sikre at representasjonen vert god.

Vedtak: Styret tek saka til vitande.